

# Regionrådet i Nord-Gudbrandsdal inviterer til AKTIVITETSDAGAR for ungar med spesielle behov

**Aktivitetane vil bli lagt opp for aldersgruppa 6-18 år.  
Søndag 12. mai 12-16 startar vi opp med vassaktivitetar i Skjåk svømmehall. Aktivitetane i bassenget vil bli organisert av svømmeinstruktør og det vil vere fysioterapeut til stades.  
Servering og sosialt samver etter at alle har vore i bassenget.**

“E æ aktiv Æ DU” er eit prosjekt som har som mål å få etablert eit varig aktivitetstilbod for ungar i Nord-Gudbrandsdalen som fell utanfor anna organisert aktivitet. Invitasjonen går til alle 6 kommunane i regionen, og vi vil samle alle som melder seg på til felles aktivitetdagar. I tillegg til å vere eit aktivitetstilbod håper vi at dette og kan bli ein møteplass for pårørande.

Vi ønskjer derfor at foreldre/føresette er med og søsken er også velkomne til å vere med. Målet er at alle får ei positiv oppleving i eit fellesskap. Det er etablert ei eiga prosjektgruppe for prosjektet der det sit foreldre til ungar med spesielle behov, helsesystre, folkehelsekoordinatorar og kommunefysioterapeutar.

12. mai startar vi opp i Skjåk svømmehall. Vi legg opp til ein aktivitetdag til i vår, og fire til hausten. Vi vil veksle mellom kommunane slik at ein fordeler avstanden til aktiviteten for alle som er med. Det blir aktivitetdagar både ute og inne. Kom gjerne med innspel om du har!

Det er lagt opp til ein eigenandel på kr 200 pr aktivitetdag pr familie, dette inkluderer aktiviteten og servering.

Om de ikkje får til å kome 12. mai, men er interessert i å bli med seinare, så ta kontakt med oss så får du invitasjon neste gong.

Velkomen til ein aktiv og triveleg møteplass!

Beste helsing prosjektgruppa for E æ aktiv Æ DU  
v/Stian Høglien  
Idretts- og fysakkoordinator Nord-Gudbrandsdalen



## PROGRAM VÅR 2013

### 12. mai: Aktiviteter i bassenget

1200-16.00 Skjåk svømmehall

Påmelding 6. mai

### 16. juni: Hestedag på Lesja

12.00-16.00 Chamoristallen

Påmelding 10. juni

## PROGRAM HAUST 2013

### 8. sept: Bålkos og klatreaktivityter

12.00-16.00 Brimiskogen-klatrepark

Påmelding 2. september

### 13. okt: Hundekjøring & aktivitetar

12.00-16.00 Høvringen, Sel

Påmelding 7. oktober

### 10. nov: Full fart i hallen

12.00-16.00 Moskushallen, Dovre

Påmelding 4. november

### 8. des: Kanefart & gløgg

12.00-16.00 Lom

## PÅMELDING

## TIL PROSJEKTGRUPPA:

Skjåk:

Anita Nyhus

tlf 900 32 745

Elisabeth Lunde

tlf 909 58 353

Vågå:

Hege Bestum

tlf 954 82 265

Sel:

Cecilie Asp

tlf 920 34 965

Anne Enkerud Lien

tlf 934 52 350

Dovre:

Ellen Nordrum Brøste

tlf 992 42 581

Lesja:

Aasta K. Bjrli Bjølverud

tlf 468 13 934

Lom:

Anne Marstein

tlf 915 48 319

Med “E æ aktiv Æ DU” ønskjer Regionrådet å sette fokus på at alle ungar i regionen skal ha eit aktivitetstilbod. Idrettslaga vil bli informert og invitert med. God tilrettelegging gjev aktivitetstilbod for fleire.